

Bli med på å utforme framtidens Sogn og Fjordane: Kva er DIN visjon?

Innbyding til Gründercamp og Framtidskonferanse

I tilknytning til hovudmarkeringa for Sogn og Fjordane fylke sitt 250-årsjubileum vert det arrangert ein framtidskonferanse på Kviknes hotell i Balestrand 20. september. Målet med framtidskonferansen vil vere å løfte og skape debatt rundt problemstillingar som er relevante for framtidens Sogn og Fjordane.

Korleis ser ungdommen i Sogn og Fjordane på ei framtid her i fylket, og kva er gode strategiar for gode lokalsamfunn og vekstkraftig næringsliv? Framtidskonferansen rettar i tillegg merksemd mot vellukka integrering av minoritetar, og kva som skal til for å sikre auka medverknad i samfunns- og arbeidsliv. Desse problemstillingane vil utgjere bakteppet for ein paneldebatt om framtidsutsiktene for framtidens Sogn og Fjordane, jf. vedlagde program.

I forkant av Framtidskonferansen inviterer vi ungdom og elevbedrifter til gründercamp på Skei 12. – 13. september. Her inntil 40 deltakarar frå fylket få arbeide med sine visjonar og scenario for framtidens Sogn og Fjordane; det vere seg både forretningskonsept og samfunnsmodellar m.m.

To av ungdomsbidraga frå gründercampen vil få høve til å presentere seg frå podiet på framtidskonferansen i Balestrand, og øvrige bidrag vil få presentere og stille ut sine visjonar og framtidsmodellar i hotellobbyen. Ungt entreprenørskap vil leie arbeid på gründercampen. Vi legg også opp til deltaking frå eit utval gründerar, som vil dele av sine erfaringar med å skape og drive bedrift her i fylket, i tillegg til å gi råd og rettleiing kring ungdomane sine framtidskonsept.

Dersom DU eller elevbedrifta di ønskjer å delta på Gründercampen og/ eller Framtidskonferansen kan du registrere deg her:

<https://eskjema.fylkesmannen.no/more/wizard/wizard.jsp?wizardid=613>

Påmeldingsfristen er 15. juni, og deltakarane som vert plukka ut vil få dekkja reise, deltaking, mat og opphald.

OBS: Det er avgrensa antal plassar på både Gründercampen og Framtidskonferansen. Ved stor pågang og mange påmelde vil arrangøren plukke ut eit representativt utval deltakarar for å sikre breidde i geografi, alder og bakgrunn.

Kontaktinformasjon:
Edvin Helgheim
prosjektleder SFJ250
e-post: edvin.helgheim@sfj.no
mobil: 415 34 943

PROGRAM

Konferansier: Helge Evensen Bjørkum

09:45	Velkomen	Anne Karin Hamre, fylkesmann
09:55	Ungdomsåret 2013	Halvor Nordhaug, biskop
10:00	Framtidas Sogn og Fjordane: Visjonar og scenario	Ungdomsgrupper og elevverksemder
10:30	Framtida for dei aller yngste: Sosialt entreprenørskap i praksis	Heidi Aabrekk, dagleg leiar In Tempo AS
	Gründerløkka på Mjømna: Digital distribusjon frå "den ytterste nøgne ø"	Njål Hansen Wilberg, dagleg leiar Beat
11:00	Pause og mingling: Utstilling av framtidsvisjonar i lobbyområdet	
11:20	Sogn og Fjordane for minoritetar: Kva er viktig for vellukka integrering?	Justin Mulindabigwi og Carol Dralenga
11:40	Student i Sogn og Fjordane? Kvifor flytte hit, og kva skal til for å bli buande?	Bidrag frå studentmiljø ved Høgskulen i Sogn og Fjordane
12:00	Lunsj	
13:00	Sogn og Fjordane sett utanfrå: Urbanisering og framtidsvisjonar	Knut Vareide, Telemarksforskning
13:40	Pause og mingling: Utstilling av framtidsvisjonar i lobbyområdet	
14:10	Korleis respondere på framtidsvisjonar og innlegg frå bidragsytarane?	Paneldebatten leia av Erlend Blaaid Oldeide (NRK SF)
	Paneldebatt: - Kva er dei viktigaste framtid utfordringane for fylket? - Korleis vil initiativ og visjonar frå framtidskonferansen vise att? - Kva innspel og problemstillingar vil fylkespolitikarane ta tak i?	Paneldeltakarar: Knut Vareide, Njål Hansen Wilberg, Carol Dralenga, sparebanksjef Arvid Andenæs, næringsdirektør Jan Heggheim , fylkesordførar Åshild Kjelsnes og fylkespolitikarar
15:10	Oppsummering og vegen vidare	Åshild Kjelsnes, fylkesordførar
15:20	Avslutning og vel heim	Helge Evensen Bjørkum

BIDRAGSYTARAR:

<p>Heidi Aabrekk er dagleg leiar i Intempo AS, som arbeider for pedagogisk innovasjon for born. Verksemda tilbyr m.a. kursverksemd over heile landet, og bidrar også til auka integrering gjennom betre språkkunnskapar for born som ikkje har norsk som morsmål</p>	<p>Carol Dralenga er forskar hos Vestlandsforsking, og har gjennom ulike forskingsprosjekt sett nærare på korleis ein betre kan lukkast med å integrere innvandrarar</p>
<p>Justin Mulindabigwi er rådgjevar i Lotteri- og Stiftelsestilsynet, og har tidlegare delteke i NHO-programmet Global Future</p>	<p>Njål Hansen Wilberg er dagleg leiar i Beat AS, som står bak den kjende musikktenesta Beat.no.</p>
<p>Knut Vareide er koordinator for faggruppa Regional utvikling ved Telemarksforskning. Vareide sine modellar om regional utvikling vert i dag nytta i ei rekkje kommunar og regionar som indikator på korleis regionen utviklar seg. Vareide har nylig vore prosjektleiar for Regionanalyse Sogn og Fjordane, som konkluderer med at det gode muligheiter for vekst i Sogn og Fjordane dersom både arbeidsplassvekst og bustadsattraktiviteten betrast</p>	
<p>Konferansier Helge Evensen Bjørkum har erfaring frå ungdomspolitisk utval, og har på mange arenaer vore involvert i prosjekt for involvering og entreprenørskap av og med ungdom.</p>	<p>Kontaktinformasjon: Edvin Helgheim prosjektleiar Sogn og Fjordane 250 e-post: edvin.helgheim@sfj.no mobil: 415 34 943</p>